



Voss herad

Saman for helse og aktive liv

Helse og omsorg strategi 2025-2035

Revisjon av strategi «*Morgondagens omsorg i mine og dine hender, 2015-2025*»

VOS2
bygd for sterke opplevingar

Bakgrunn

- Revisjon vedtatt i [planstrategi 2024 – 2027](#)
- Strategien byggjer vidare på Morgondagens omsorg – i mine og dine hender (2015–2025)
- Evaluering av tidlegare satsingar har vore viktig for å sikra kontinuitet
- Mange gode føringar frå førre strategi er framleis aktuelle

‘Morgondagens omsorg i mine og dine hender’ hadde 8 prinsipp:

1. Brei tenesteportefølje
2. Brukarsentrert tenester
3. Brukarane deltek aktivt for å betre eigen situasjon
4. Stabile og påreknelege lovpålagte tenester
5. Dynamiske, tilgjengelege førebyggjande tenester med høg kvalitet
6. Raskt ta i bruk digitale tenester
7. Samarbeida med andre for å betre kvalitet og tilgjenge
8. Brukarane bidreg med eigenbetaling

Prosess

Involvering og forankring

- Representantar frå kommunale råda
- Tillitsvalde og verneombod
- Nøkkelpersonar frå oppvekst, teknisk, kultur, innbyggjarservice, helse og omsorg
- Nøkkelpersonar frå Voss næringsråd, Kunnskapkommunen Vest, Frivilligforum Voss, USHT, Voss sjukehus
- Rådmannen si leiargruppe
- Leiarar og tilsette i helse og omsorg

Oppdatert kunnskapsgrunnlaget

- Relevante mål og strategiar frå lokale, regionale og nasjonale føringar vert ivareteke og innlemma i arbeidet.


Evaluering noverande strategi

- Kunnskapsinnhenting frå lokale utgreiingar, rapportar og studiar.
- Nøkkeltal frå økonomi og tenestemålingar er brukt til å sjå på utvikling dei siste årene. Avdelinga Styring og analyse er konsultert i dette arbeid.
- Utvida leiargruppa og tilsette i helse og omsorg var invitert til å bidra i undersøkingar og evalueringar med bruk av både kvalitative og kvantitative metodar.

Den «raude tråden» i planverk i Voss herad er sikra i arbeidet.

- Nøkkelpersonar innanfor planarbeid frå alle kommunale avdelingar vert orienterte og får høve til å kome med innspel.
- Det vert særleg fokus på å identifisera samanhengar, skape ei felles forståing av problemstillingane og oppnå einigheit om strategiske grep.

Utfordringsområder



01

Demografi og helsetilstand

- Stadig meir inaktive og beveger oss mindre
- Aukande psykiske plagar og einsemd
- Dei over 80 år vil auka med 41 % fram mot 2035

02

Forskjellar i levekår og utanforskap

- Ein av fem i yrkesaktiv alder står no utanfor arbeidslivet
- Utanforskap fører til auka behov for kommunale tenester, samtidig som færre er i arbeid.

03

Ressursknappheit og auke i forventningar

- Venta ein auke på 37 % i både ressursbruk og tal brukarar frå 2024 til 2034
- Ulike oppfatningar av kommunane si rolle og ansvar

Behov for nytt fokus

01

Behov for felles
forståing og
haldningsendring

02

Behov for felles
innsats– me
skapar saman

03

Behov for nye
arbeidsmåtar,
tenestemodellar
og prioritering

04

Behov for
førebygging og å
ta eige ansvar




Strategi

- 1 målbilete. Nytt fokus på «Saman...»
- 4 delmål eller satsingsområde «Saman om»
- 5 strategiar «Dette er korleis me skal få det til - saman»
- Bygd på kommuneplanen sin samfunnsdel hovudmål

Saman for helse og aktive liv



Helse og meistring i kvardagen -
saman for aktive innbyggjarar gjennom heile livet



Delmål



Førebygging og helsefremming

Mobilisera innbyggjarane til å ta vare på seg sjølv for å fremja god helse



Bu trygt heime

Innbyggjarane kan bu trygt og stabilt i eigen heim – med rett støtte, god planlegging og bustadar som varer livet ut



Eigen meistring og rehabilitering

Innbyggjarar som oppnår og utviklar best mogleg funksjonsevne, ut frå eigne mål og livssituasjon



Innovative tenester

Nyskapande og fleksible tenester – tilpassa behova i framtida



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Bruka kommunikasjon som eit verktøy for endring, slik at innbyggjarane forstår kvifor tenestene endrar seg – og korleis dei kan ta gode val for eiga helse og livskvalitet.

Byggja tillit og felles forståing gjennom open, tydeleg og konstruktiv dialog.

Mobilisera til felles innsats for betre folkehelse gjennom samarbeid på tvers av sektorar, styrkt helsekompetanse og kreative folkehelsekampanjar.

Helsepedagogikk og god kommunikasjon må vere ein naturleg del av alle tenester. Klår og tydeleg informasjon gjer det lettare for folk å forstå, og å ta gode helseval.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Satsa på helsefremjande arbeidsplassar med godt arbeidsmiljø, medverknad og utviklingsmoglegheiter.

Prioritera rekruttering til sårbare yrkesgrupper og utdanningar.

Sikra strategisk og systematisk kompetanseutvikling.

Utvikla smart oppgåvedeling og samarbeid.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Bidra til samla og målretta innsats gjennom felles planlegging og prioritering på tvers av kommunale avdelingar og i helsefellesskapet – i tett samarbeid med innbyggjarane.

Samarbeid med næringsliv, frivilligheit og andre relevante aktørar med fokus på samspel mellom BANK faktorane.

Fremja helsevenleg samfunnsplanlegging ved å dela kompetanse og fagkunnskap på tvers av fagmiljø.

Bygga vidare på tverrfagleg tilnærming som gjev betre og meir effektive løysingar - ved å koordinera og nytta ulik fagkompetanse til det beste for brukarane, uavhengig av tenesteområde og nivå.

Utvikla gode pasient- og brukarforlaup, med samanheng og flyt mellom sjukehus og kommune, slik at brukarane får rett hjelp til rett tid.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Digitalisera det som kan digitaliserast, slik at tilsette får meir tid til brukaroppfølging og kan levera tenester med høg kvalitet.

Ta i bruk brukarvenlege og samanhengande løysingar, og vidareutvikle digital heimeoppfølging.

Integrera teknologi i dei etablerte tenestene, og sikra at me hentar ut gevinstane av digitaliseringa.

Nytta teknologi som allereie finst, og bidra til utvikling av nye løysingar.

Tilpassa arbeidsprosessane slik at me jobbar meir effektivt og framtidsretta.



STRATEGISKE GREP

Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Behalde, rekruttera og utvikla medarbeidarar

Felles planlegging og innsats

E-helse og velferdsteknologi

Prioritering i kvardagen



Prioritera klokt og kunnskapsbasert.

Bruka ressursane der dei trengs mest.

Skapa fleksible løysingar gjennom tillitsbasert tildeling.

Byggja på eit felles verdigrunnlag.

Oppfølging og evaluering

- Eit overordna styringsdokument vise retning for utvikling av tenestene og for prioritering av tilgjengelege ressursar.
- Måla i strategien skal verta implementert i alt av underliggende planverk i heile heradet. Strategien vert fylgt opp gjennom kommunedelplanar, temaplanar og handlingsplanar.
- Strategien skal verta evaluert og revidert i 2035.

Vossaplanar



Kommunikasjon som byggjer helse og fellesskap

Kulturplan
Tidleg innsats og livsmeistring
Kompetanseplan helse og omsorg
Klart språk (språkprofil)
Frivilligpolitikk
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
SNU Voss
Pårørandestrategi



KULTUR
INNBYGGJARSERVICE
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST
TEKNISK

Behalde, rekruttere og utvikle

Kompetanseplan helse og omsorg
Voss i vekst
HMS handlingsplan
Tidleg innsats og livsmeistring
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
Bustadsosial handlingsplan
Demensplan
Pårørandestrategi
SNU Voss



HELSE OG OMSORG
OPPVEKST
TEKNISK

Felles planlegging og innsats

Kulturplan
Tidleg innsats og livsmeistring
Kompetanseplan helse og omsorg
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
Bustadsosial handlingsplan
Pårørandestrategi
Vossa klima
Frivilligpolitikk
Demensplan
Sentrumsplan
SNU Voss
Reiselivsstrategi
Sti- og løypeplan
Trafikksikringsplan
Naturmangfaldplan



KULTUR
INNBYGGJARSERVICE
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST
TEKNISK

Kompetanseplan for helse og omsorg
Plan for habilitering og rehabilitering
Demensplan
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Tillitsmodellen
Pårørandestrategi
Fagplan i legetenester



HELSE OG OMSORG

Prioritering i kvardagen

Kompetanseplan for helse og omsorg
Demensplan
Rusmiddelpolitisk handlingsplan
Plan for habilitering og rehabilitering
Pårørandestrategi



HELSE OG OMSORG

E-helse og velferdsteknologi

Kva er nytt?

01

Førebygging = Folkehelse

- Endå meir tydeleg fokus på folkehelse og helsekompetanse
- Kommunikasjon som verktøy
- Endå meir fokus på kunnskapsbaserte prioriteringar

02

Eit felles ansvar og innsats

- Strategien gjeld heile heradet – ikkje berre helse- og omsorgstenesta
- Involvera fleire samfunnssektorar for å styrkja folkehelsa
- Innbyggjarane er største ressurs

03

Ny kunnskap

- Byggjer på nye nasjonale og regionale føringar, lokale erfaringar, statistikk og forskning



Voss herad

Takk! Spørsmål?

Om du har spørsmål kan du sende ein mail til:
Prosjektleder: elizabeth.bell@voss.herad.no

Innbyggerane sine behov

- Innsatstrappa
- Tillitsmodellen
- Personsentrert omsorg

Førebygging og rehabilitering

- Friskliv og meistring
- Heimerehabilitering
- Tenesteutvikling prosjekt
- Kreftkoordinator
- Hukommelsesteam
- Eldrelos og aktivitetslos
- Fritidsklubb for utviklingshemma
- Førebyggjande møter for 80+

Samhandling

- Ernæringsfysiolog - interkommunalt
- Kommunepsykolog
- Barnekoordinator
- Kirkens bymisjon
- Nytt tiltak for ungdom (mmnf)
- TryggEst vaksenvern
- Leve heile livet prosjekt
- Bustadkontor

Velferdsteknologi og teknologi

- KOMP
- Sjukesignalanlegg (pasientvarsling)
- Digital heimeoppfølging pilot
- Pasientjournalsystem
- Forskingsprosjekt - kva tid døden startar

Psykisk helse og rus

- Erfaringskonsulentar
- Rusførebygging i skule
- Tenesteutvikling prosjekt
- Lågterskeltilbod
- I jobb og Ung i jobb
- Individuell jobbstøtte (IPS team)

Kompetanse og rekruttering

- Kompetanseplan
- Menn i helse
- Gloppenmodellen
- Tørn prosjekt
- Mentorprogram
- Modulstrukturert opplæring for vaksne i vidaregåande

Tidlegare tiltak

Bu heime lengre og lokale

- Fleksible sjukeheimsplassar
- Nye lokale i Knutepunktet
- Udlabu omsorgsbustadar
- Samlokasjon av dagtilbod
- Produksjonskjøkken
- Grindbygg
- Omsorgsbustadar Vetleflaten

Kunnskapsgrunnlag

Folketalsframskrivingar er usikre, men gjev ein viktig peikepinn på framtidige behov.

- **Moderat befolkningsvekst:** Vekst på om lag 5 % fram mot 2035
- **Auke i eldre befolkning:** Talet på personar over 80 år vil auka med 41 % i same periode. Talet på dei over pensjonsalder vil auka om lag med 16% samtidig som me ser ein nedgang på personar frå 6-15 år.
- **Demenstilfelle:** Forventa auke på 2,2 % frå 2020 til 2040. I 2040 vil 4,21 % av innbyggjarane ha demens
- **Arbeidsstyrke og sysselsetjing:** Negativ trend i andelen yrkesaktive (56 %) og tilsette i helse- og omsorgssektoren (45 %)
- **Ressursbruk og tenestebehov:** Det er venta ein auke på 37 % i både ressursbruk og tal brukarar frå 2024 til 2034.

• Kjelde: [Kommunehelsa](#), [Demenskartet](#), [Statistisk sentralbyrå](#), [Folkehelseoversikt 2024 - 2027 - Voss herad](#), [Framtidsverktøyet](#)



Meld. St. 15

(2022–2023)

Melding til Stortinget

Folkehelsemeldinga

Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar

Oppsummert nasjonale føringar

Overordna måla i helse- og omsorgspolitikken i Noreg er fylgjande:

- Prioritere folkehelsearbeidet og innsatsen mot sosiale helseforskjellar
- Sikre at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett
- Skapa samanhengande og koordinerte pasientforlaup.
- Rekruttere og behalde personell med riktig kompetanse.
- Sikre at tenestene er førebudde på kriser og beredskapssituasjonar.
- Prioriteringa som ivareta likeverdig og rask tilgang til helse- og omsorgstenester av god kvalitet og bidra til betre helse og meistring.
- Digitalisering av helse- og omsorgstenester.



Meld. St. 24

(2022–2023)

Melding til Stortinget

Fellesskap og meistring

Bu trygt heime



Leve hele livet

En kvalitetsreform for eldre



KOMMUNE 1.0

«Kommunen bestemmer»



KOMMUNE 2.0

«Brukeren bestemmer»



KOMMUNE 3.0

«Vi skaper sammen»

Medverknad

- Planen er utarbeidd av ei tverrfagleg gruppe med deltakarar frå internt i herad og eksterne partar.
- Medverknadsaktivitetar – samlingar, workshops, arbeidsmøter, digital undersøkingar, ein-til-ein konsultasjon
- Medverknadsresultatet er dokumentert og ettersendt til involverte.
- Innspel og refleksjonar har vore analysert og blitt brukt i utarbeiding av delmål og strategi.
- Strategien har endra seg undervegs og er forma etter både innspel og kunnskapsgrunnlaget.

🔥 1. Prioritering og økonomi

- Skilje mellom lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester.
- Økonomisk berekraft må prioriterast – fokus på kjerneoppgåver og lovpålagte.
- Ynskje om å bruka midlar direkte i tenestene, ikkje på store utviklingsprosjekt.
- Behov for konsekvenstenking ved endringar og digitalisering.
- Viktig å allokere ressursar til dei med størst behov.

👉 2. Førebygging og eigenmeistering

- Sterkt engasjement for førebygging og helsefremjande arbeid.
- Auka fokus på helsekompetanse og ansvar for eiga alderdom.
- Tiltak retta mot barn og unge som del av førebygging.
- Fremje medvit om eiga helse og planlegging av alderdom.
- Ynskje om at folk skal kunna bu heime lengst mogleg.

💻 3. Digitalisering og teknologi

- Behov for betre digitale løysingar for tilsette (journalssystem, turnus, dokumentasjon).
- Skepsis til at digitalisering skal erstatta menneskeleg kontakt.
- Tru på velferdsteknologi. Ynskje om opplæring i velferdsteknologi og digital sjølvhjelp.

🤝 4. Samarbeid og samordning

- Ynsk
- Beho
- Ynsk

🌐 5. Frivillighet og samfunnsengasjement

- Ynskje om å systematisera frivillig innsats, særleg blant eldre.
- Frivillighet som meningsfull aktivitet og førebygging av einsemd.

👤 6. Rekruttering og arbeidsmiljø

- Behov for å halda på og rekruttera tilsette, særleg i helse og oms.
- Ynskje om betre leiing, opplæring og tydelege rammer.
- Bekymring for høgt sjukefråvær og mistrivsel ved omstillingar.
- Ynskje om å styrka stoltheit og motivasjon i organisasjonen.

🗣️ 7. Kommunikasjon og informasjon

- Tyding av klar og målretta kommunikasjon internt og eksternt.
- Behov for betre informasjon til innbyggjarar om tenester og rettar.
- Ynskje om å dela "gode historier" og synleggjera tiltak og resultat.

📋 8. Strategisk planlegging og gjennomføring

- Ynskje om konkrete tiltak, ansvar og oppfølging av strategien.
- Behov for betre struktur på planarbeid og samordning med kommunen.
- Strategien bør integrerast i økonomiplanarbeidet.

🏠 9. Bustad og infrastruktur

Kva vil du endre/slette og kor nøgd var du?



Strategiske grep: Kva var mest viktig?

